



# Plan for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

## 2009-2013

*Kompetanse og kvalitet høyrer  
framtida til. Som aktiv medspelar  
satsar Møre og Romsdal fylke på  
framtida, for det er der vi skal  
vere.*



Møre og Romsdal fylke



UTDANNINGSAVDELINGA

[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

## Kvalitetsplan 2009-2013

- Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som blir verdsett for vidare studiar eller i arbeidslivet
- Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring.

*(Nasjonale kvalitetsmål for den vidaregåande opplæringa)*

Kvalitetsplanen er delt inn i 4 kvalitetsområde, basert på dei 7 grunnleggjande prinsippa i del 2 i læreplan for Kunnskaps-

## Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring

► *I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal er det rom for alle og blick for den einskilde*

*Krav i lov- og forskrifter:*

*Opplæringslova: §§1-3, 3-2, 3-4, 4-2, 4-4, 8-2 og Kap. 5*

*Forskrift til Opplæringslova: §1-4 og Kap. 3*

*Læreplan: Del 2 (Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader/motivasjon for læring og læringsstrategiar)*

### A) Tidleg innsats gjennom kartlegging av elevføresetnader

*Lærestaden skal:*

- ha rutinar som sikrar at elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet får spesialundervisning
- bevisstgjere elevane om eige læringsarbeid
- samarbeide med avgjevarskolen om overføring av elevopplysningar som har verdi for planlegginga av tilpassa opplæring
- kartleggje Vg1-elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning ved starten av skoleåret

### B) Mål og planar

*Lærestaden skal:*

- **konkretisere dei nasjonale kompetansemåla for elevane**
- **arbeide med grunnleggjande ferdigheiter i alle fag**  
*(kunne uttrykke seg skriftleg og munnleg, kunne lese og regne og kunne bruke digitale verktøy)*
- **ha eit system for utarbeiding av arbeidsplanar\* i fag.**  
**Arbeidsplanane skal gje rom for differensiert og tilpassa opplæring** (\*for opplæring i bedrift gjeld krav til intern plan for opplæringa, jfr. §4-4 i Opplæringslova)

### C) Arbeidsoppgåver og tempo

*Lærestaden skal:*

- **tilpasse arbeidsoppgåver og tempo til elevane sine læreføresetnader**

løftet. Kvalitetsplanen skal følgjast opp gjennom årlege tiltaksplanar både på skole- og skoleeigarnivå. I planen omfattar personalet både lærarar og instruktørar og elevar både elevar, lærlingar og lærekandidatar.

Kvalitetsmål markert med **utheva og kursivert skrift** er like relevant både for opplæring i skole og opplæring i bedrift, medan dei øvrige måla i første rekkje gjeld opplæring i skole

### D) Organisering

*Lærestaden skal:*

- **gje elevane ei opplæring i fag i samsvar med nasjonale læreplanar for fag og den fastsette fag- og timefordelinga**
- organisere elevane i grupper på ein pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg måte
- organisere skoledagen og arbeidsøktene på ein slik måte at det gjev rom for differensiert og tilpassa opplæring

### E) Læringsarena og læremiddel

*Lærestaden skal:*

- **ivareta det internasjonale perspektivet i opplæringa**
- nytte både digitale og trykte læremiddel
- variere bruken av læremiddel og læringsarena

### F) Arbeidsmåtar

*Lærestaden skal:*

- yrkesrette opplæringa
- nytte entreprenørskap som arbeidsmåte i opplæringa
- variere bruken av arbeidsmåtar

### G) Vurdering

*Lærestaden skal:*

- **ha eit system for tilbakemelding og rettleiing til elevane som del av undervegsvurderinga utan karakterar. Det skal kunne dokumenterast at det er gjeve slik vurdering**
- **sikre at elevane får høve til å delta i vurdering av eige arbeid**
- **sikre at elevane kjenner til vurderingskriteria (kjenneteikn på måloppnåing) i fag**
- **nytte varierte vurderingsformer**
- ha eit system for sluttvurdering som sikrar at elevane får vist eige meistringsnivå

## Inkludering og medverknad

- ▶ *I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal opplever elevane tryggleik og trivsel, i eit engasjerande og inkluderande miljø.*

Krav i lov- og forskrifter:

Opplæringslova: §§ 3-7, 4-7 og Kap. 9a

Forskrift til Opplæringslova: §2-1 og Kap. 22

Læreplan: Del 2 (Sosial og kulturell kompetanse/samarbeid med heimen)

Lærestaden skal:

- **aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psyko-**

## Samarbeid og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

- ▶ *Den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal samhandlar aktivt med lokalsamfunn og føresette, og vektlegg heilskap og samanheng i elevane si opplæring.*

Krav i lov- og forskrifter:

Opplæringslova: kap. 11

Forskrift til Opplæringslova: Kap. 22

Læreplan: Del 2 (Samarbeid med lokalsamfunnet/Samarbeid med heimen)

Lærestaden skal:

- **sikre samarbeid og samanheng mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift for elevar innafor yrkesfaglege utdanningsprogram** (jfr. retningslinjer for tidleg formidling og ansvarsplassering på skolane)
- nytte lokalsamfunnet/arbeidslivet som læringsarena
- samarbeide med ungdomsskolen gjennom faget Utdanningsval
- ha eit kontakt- og informasjonssystem som sikrar at føresette kan gjere seg kjent med skolen sin organisasjon og drift, og kunne delta i vurdering av skolen sitt arbeid
- ha eit system som sikrar at føresette kan gjere seg kjent med innhaldet i opplæringa, og eleven si faglege og sosiale utvikling
- følgje opp elevane gjennom grunnopplæringa og ved overgangen til vidare utdanning og yrke
- følgje opp elevar som fell innafor Oppfølgingstenesta sitt ansvarsområde

**sosialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør. Krenkjande åttferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme skal ikkje tolererast**

- **sikre elevane deltaking i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa**
- **sikre at elevane kjenner sine rettar og plikter nedfelt i lov, føresegner og reglement**
- **sikre elevane aktiv deltaking i eige læringsarbeid**
- sikre elevane deltaking i skolens råds- og styringsorgan

## Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

- ▶ *I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal møter elevane trygge og motiverte lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse, og som framstår som tydelege leiingar*

Krav i lov- og forskrifter:

Opplæringslova: §10-8

Læreplan: Del 2 (Lærarar og instruktørar – kompetanse og rolle)

Lærestaden skal:

- legge til rette for og følgje opp at personalet har nødvendig kompetanse for å utføre dei oppgåvene dei er sett til å løyse
- organisere personalet si arbeidstid på ein slik måte det gjev rom for samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa og for utvikling av eigen og kollektiv pedagogisk praksis
- organisere og gjennomføre opplæringsverksemda på ein slik måte at personalet sine arbeidsvilkår og sitt arbeidsmiljø blir teke i vare (jfr. Arbeidsmiljølova)

## UTDANNINGSAVDELINGA

Postadresse:

**Fylkeshuset, 6404 Molde**

Besøksadresse:

**Julsundveien 49, Molde**

Telefon sentralbord:

**71 25 80 00**

Telefax ekspedisjon/opplysning:

**71 25 87 80**

Telefax:

**71 25 87 99**

E-post:

**post.utdanning@mrfylke.no**

Heimeside:

**www.mrfylke.no**

